



Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Vår dato: 26.11.2020
Vår ref: 2019/10830

Dykkar dato: 19.06.2020
Dykkar ref: 20/1128

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - Alver (Meland) - Framo Flatøy industriområde - detaljregulering

Vi viser til melding om offentleg ettersyn av detaljregulering for Framo Flatøy industriområde i Alver kommune. Vi viser øg til brev av 22.12.2017 der kompetanse til å samordne motsegn er delegert til Fylkesmannen.

Det vart halde dialogmøte mellom Alver kommune, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland på Teams 13.11.2020. Fylkesmannen har fått høringsfrist til å gje samordna uttale til 27.11.2020.

Formålet med planarbeidet

Planområdet er på om lag 147 daa og omfattar eksisterande industriområde sørvest på Flatøy. Planforslaget legg til rette for utviding av næringsområdet, hovudsakleg med fylling i sjø. Utvidinga skal gje plass til nye produksjons- og lagerbygningars, og større utandørsareal og eksportkai.

Planstatus

Planen er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen for Meland.

Statleg samordning

I denne saka har Fylkesmannen motteke uttale frå Statens vegvesen (SVV).

Statens vegvesen har varsla motsegn i brev av 31.08.2020. Motsegna deira er knytt til Statens vegvesen si rolle som forvaltar av riksveg. Statens vegvesen vurderer at planframleggget er i strid med nasjonale interesser då det vert lagt opp til ei løysing som er i konflikt med Statens vegvesen sitt framlegg til kommunedelplan E39 Flatøy - Eikefettunnelen. Statens vegvesen meiner arbeid med reguleringsplan for Framo Flatøy må vente til det er vedtatt ny trasé for KDP E39 Flatøy - Eikefettunnelen og arealbehovet knytt til denne planen er avklart. Vi viser elles til uttale frå Statens vegvesen i sin heilskap.



Fylkesmannen sine merknader

Støy

Det er tatt inn i føresegne at T-1442 skal følgjast og i planskildringa står det at bedrifa har løyve etter forureiningslova.

Vi opplever at reguleringsplanen i liten grad vurderer støy og kva verknad planen vil ha, særleg for bustadene i nærleiken. Det er viktig at verknaden av støy vert vurdert i planprosessen. Vi viser til rettleiar M-128 (Veileder til retningslinje T-1442) der det mellom anna står:

«Grunnleggende prinsipper i arealplanlegging er krav til medvirkning (en demokratisk planprosess) og krav om beskrivelse av konsekvenser for miljø og samfunn.

Utredningskravet er derfor helt sentralt i arealplanlegging. Kravet om å utrede konsekvenser for støy i arealplaner er derfor uomtvistelig. Utredningskravet gjelder ikke bare for planer for støyende virksomhet, men også for planer for ny arealbruk (ny støyfølsom bebyggelse) som utsettes for støy.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) innebærer en forventning fra statlige myndigheter om at kommunenes arealplanlegging skal legge til rette for en langsigkt arealdisponering som forebygger støyplager.»

Det er uheldig å bruke føresegn om at T-1442 skal følgjast fordi T-1442 gjer rom for tolking. Det bør visast rett til aktuell tabell i T-1442, om vurderingane i planarbeidet viser at desse er mogleg å halde.

Landskap

Det er store interesser i området knytt til friluftsliv og landskap. Konsekvensutgreiinga av landskapsverknadene visar at verdiane vert forringa ved utbygging etter planforslaget. Fylkesmannen meiner at det bør vurderast avbøtande tiltak.

Utvída dialog med kommunen

I tråd med rutinane for samordning av statlege motseigner har Alver kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Vestland fylkeskommune har motsegn til planen og ønska også å vere med på møtet.

Møtet vart halde den 13.11.2020 på Teams.

Til stades frå Alver:

- Øyvind Helland Oddekalv
- Anne- Grete Eide
- Siri Therese Sylta arealforvalting
- Marianne Aadland Sandvik
- Ingrid Raniseth

Til stades frå Statens vegvesen

- Sindre Lillebø
- Ingelin Garden
- Frode Moen Aarland



Til stades frå Vestland fylkeskommune

- Hege Løtveit
- Silje Svanevik-Røren
- Tone Bøyum

Frå Fylkesmannen i Vestland

- Egil Hauge
- Hege Brekke Hellesøe

Tema som vart drøfta

Fylkesmannen ønska velkommen. Kommunen orienterte først om planen. Statens vegvesen sine aktuelle motsegnspunkt vart så diskutert. Statens vegvesen meiner at planforslaget er i direkte konflikt med kommunedelplan for E39 over Flatøy. Det er primært trafikkområdet som er i konflikt med E39, men også delar av byggjeområdet kan vere i konflikt, men dette er mindre sannsynleg. Løysinga vil gjere planane for E39 vanskelegare og dyrare å gjennomføre. Kommunen var opptatt av om det kunne finnast nokre midlertidige løysningar. Statens vegvesen meiner dette vil vere vanskeleg på noverande tidspunkt, men er villige til å ha ein videre dialog om moglegheiter for å finne ei så rask løysing som mogleg i samarbeid med Alver kommune/ Framo Flatøy. Dette må eventuelt komme som et initiativ frå kommunen. Elles vil det vere naturleg å ta opp att arbeidet når KDP for E39 er vedtatt.

Det vart konkludert med at det er naudsynt med motsegn på dette punktet. Fylkesmannen vurderer at motsegna er fremma til rett tid og har ikkje merknader til forankring av motsegna. Motsegna frå Statens vegvesen vert ikkje avskoren av Fylkesmannen.

Fylkesmannen presenterte deretter kort si vurdering av manglande støyvurderingar, og landskapsverknadene vart diskutert. Kommunen meinte dei kan arbeide vidare med desse temaa.

Konklusjon

Det var semje om at det må arbeidast vidare med støytema i planen. Fylkesmannen ser ikkje grunn til å avskjere motsegna fremja av Statens vegvesen, så denne vert ståande. Vi viser elles til at også Vestland fylkeskommune har fremja motsegn til planen.

Motsegna inneber at planen ikkje kan vedtakast av Alver kommune på noverande tidspunkt og slik planen no ligg føre. Kommunen kan no sette saka på vent til løysingar i KDP for E39 er avklart, og etter det arbeide vidare med planen. Alternativt kan kommunen be om mekling, jf. pbl. §. 5-6.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER